Møtebok
Styremøte 30.04.2013
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 11.00 – 13.00

Møtte:
Arne Kleppa, Sigbjørn Hauge, Marta Finden Halset, Jan Ivar Rødland og
Forfall: Bjørn Laugaland, Einar Horvei,, Per Kåre Foss og Anders Ryssdal.
Sekretariatet: Leiv Vambheim og Trude Rinaldo frå Hardangerrådet.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett. Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 08/13 Godkjenning vedtekter for IS Fjordvegen Rute 13.
Vedtak:
Styret tilrår Årsmøtet 2013 å vedta Framlegg til Vedtekter for IS Fjordvegen.

Sak 09/13 Revisormelding til Styret.
Vedtak:
Styret tek meldinga frå revisor med orienteringa frå dagleg leiar til orientering.

Sak 10/13 Årsmøtesaker 2013
Vedtak:
a)Etter drøftingane i styret tilrår styret Årsmøtet 2013 å vedta:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding 2012
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap 2012. Underskotet bert belasta eigenkapitalen.
3. Styret sitt framlegg til kontingent 2014
4. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2014 -2017
5. Styret sitt framlegg til Langtidsbudsjett 2014-2017

b)Styret legg til grunn at styret i løpet av 2013 får seg framlagt ein konkret spesifisert Handlingsplan.

Sak 11/13 Rute 13 i dag og i framtida.
Oppsummert.
Barbara Utne har sagt ja. Vegtilsynet har sagt ja.
Regionvegdirektør Helge Eidsnes har avtale med Avd.dir. Paal Fosdal som stiller.
Program:
11.00 Opning av møtet. Møteleiar Leiv Vambheim
11.10 Styreleiar orienterer om kva selskapet har gjort for NTP-en og vil arbeida for framover.
11.30 Vegplanlegging og vegfinansiering – høna eller egget. Avd.dir Paal Fosdal
12.0 Lunsj
13.00 Vegtilsynet sin rolle i samfunnet? Orientering ved Vegtilsynet.
13.20 Debatt om temaet Rute 13 Panel og sal. Debattleiar Leiv Vambheim.
14.00 Discovery Route . Barbara Utne fortel om ny satsing.
14.20 Oppsummering ved styreleiar.
14.30 Møteslutt

Det vert laga ein preinvitasjon med fokus på RUTE 13.

Sak 12/13 Revitalisering av IS Fjordvegen Rute 13.
Vedtak.
Denne vert ikkje teke opp.

Sak 13/13 Stillingsbeskrivelse og utlysingstekst ny medarbeidar.

a) **Vedtak:**
Utlysingsteksten vedteken etter endring i møtet.. Utlysing i lokalavisene først og evt seinare i regionavisene og Heimesida til Fjordvegen. Utlysing også på heimesider til medlemmene viss dei aksepterer.
b) Arbeidsbeskrivelsen vedteken etter endring i møtet.

Sak 14/13 Fast post:
Gjennomgang av status for Rute 13.
Oppsummert: Det føreligg mange gode tiltak i NTP. Sjå St.m. 26/13. Arbeidet framover vert å følgja opp desse og kjempa for gjennomføring.

Rogaland:
Lite nytt etter siste styremøte. Sjå forøvrig NTP med konkret løyving til m.a. rassikring Lovra-Sand. Arbeidet ved tunnelen på Tysdalstranda går framover med opning i november 2013.

Hordaland:
Jobergtunnelen i Granvin er godt forankra i NTP med 270 mill kr og 150 mill kr i bombengar. Tilsaman 420 mill kr for 1,9 km tunnel. Det står att no at Vossapakko har lokal handsaming, vidare til regional handsaming og så til godkjenning i Stortinget. Prosjektet Joberget treng ein lokal motor.

Sogn og Fjordane:
Vik kommune takkar for rassikringsmidlar Vangsnes – Vik og for at Vikjatunnelen er med i NTP (Sjå NTP side 286) og arbeider aktiv for å få denne skunda fram.

Leiv Vambheim
referent

.